

# Årsmelding 2015

## Styret

I styret har vore: Jan Flore (leiar), Idar Nygård (nestleiar), Tore Saur (kasserer og rekneskap), Paul Hatledal (Sekretær), Thore Heggen og Håvard Solvik. Vara til styret har vore: Susanne Hove Sollid og Ann Therese Gausemel.

Det har vore 10 styremøter og det har vore handsama over 55 saker. Ein har inngått leigeavtale med politiet, gjeld Sindre skytebane. Utsendingar til ombodsmøte på Nordfjordeid var: Paul Hatledal, Tore Saur, Alf Muldsvor og Susanne Hove Sollid.

## Anlegg

Det har vorte skifta til felles låssystem for baneanlegg på Sindre, og miniatyrbane på Ytrehorn. Elles normalt driftsvedlikehald. Ein har gjennom året arbeidd opp i mot DFS anleggsnemnd for å berekne faresoner for dei ulike halda. Vidare har det vorte gjort vurderingar av ulike senario for oppgradering og utvikling av Sindre skytebane.

## Arrangement

Laget har i år arrangert Vintertreffen (miniatyr) 30.jan-1.feb med 132 deltakande, Bedriftscup to gongar 23.feb og 13.mars, Lagsskyting i miniatyr 20.mars, Samlagstemne Felt 26.april med 60 deltakarar, Lagsskyting Felt 29.april, Olsokstemne blei i år arrangert 23.-26.juli med 225 skyttarar, Aktivitetskonkurranse 28.aug der vi hadde innom 101elevar + lærarar på miniatyrbana, samt Lagsskyting bane 28.aug. Det har også vore merkeskyting om NAIS og Dugleiksmärke.

Leiar for stemner i skyttarlaget sin regi vil takke alle funksjonærar for deira bidrag. Takk til alle saman.

Ansvarleg stemner; Sigurd Muldsvor (leiar) og Audun Gausemel.

## Resultat Senior og Veteran

Kåre R. Haugen (kl.1.) har siste året vore på mange stemner og med mange gode resultat med bl.a. Samlagsmeister miniatyr. Alf Muldsvor (kl.2.) har også vore på mange stemner skote svært bra og teke mange 1pl. Best i kl 2 på Toyotacupfinale og Samlagsmeister kl 2. Andreas Solvik (v55) har hatt ein god sesong, spesielt på LS der han var med på Veteranlaget for Nordfjord som fekk ein 2.plass. På innleiande skyting blei det ein 8.plass, men enda på 14.plass i finalen. Også dette eit godt resultat på LS. På Samlagstemne blei det ein 2.plass i V55. Knut Lillestøl (v65) blei nr 2 i NM skogsløp med skyting på LS, og Samlagsmeister miniatyr v65.

## Rekruttering

Ein har hatt eit år med god aktivitet. Det har vore ein treningskveld i veka. På det meste var ein 24. Sesongen vart avslutta 26 juni. Sosialt samvær på Strynesetra med saft og suppe, kake og kaffi.

Ein har vore med på månadlege samlingar for rekruteringskyttarar for junior og eldre rekrutt. Eldre rekrutt vart arrangert i Hornindal. ASP og R hadde 2 samlingar. Vi arrangerte det praktiske for

feltsamlinga til samlaget. Samlaget arrangerte overnattingstur for J og ER i Svelgen med havfiske, sosialt samvær og skyting. Vi var 7 rekrutteringsskyttarar som deltok frå laget.

Vi har deltekkje på dei fleste stemna som har vore arrangert her i området. Vi har og fått med oss samlagsstevnet, fylkesstevnet, vestlandsstevnet og landsskyttarstevnet.

- \* Vi fekk samlagsmester miniatyr: Geir Magne Muldsvor
- \* Samlagsstevnet felt fekk Hornindal og Markane fleire medaljar i R og J.
- \* Samlagsstevne bane medalje i ER
- \* Landskyttarstevnet deltok 14 skyttarar der av 8 rekrutteringsskyttarar. Ein flott 5. plass etter feltfinalen på Geir Magne Muldsvor
- \* På LS lagskyting deltok Geir Magne Muldsvor for nordfjordskyttarsamlag.
- \* Toyotacup finalen 6 deltakarar der av 2 frå rekrutteringsskyttarar

Vi har hatt eit flott samarbeid med skulen.

- \* Vi gjennomførte prosjekt i skulen der vi fekk innom halve 8 klasse, 9 og 10 klasse til teori og skyting.
- \* Vi gjennomførte skulerifleskyting miniatyr og bane
- \* Vi hadde gleden av å dele ut planket og diplom på skulen for fyrste plass bane 14/15 i skulerifleskyting.
- \* Vi arrangerte skytingens dag i skulen med sikkerheit informasjon for mellomtrinnet og ungdomsskulen
- \* Ungdomsutvalet ilag med skifelt/skogfelt utvalet arrangerte aktivitetskonkuranse i skulen med 113 deltakarar

Vi har hatt eit kjekt år med mange dyktige skyttarar. Stor aktivitet, kjekke turar som har laga eit godt skytemiljø og knytt oss sterkare saman som eit lag

Leiar har vore Alf Muldsvor, utvalsmedlemmar; Ingelin Norevik, Stine Lødemel og Audun Gausemel.

## Aktivitetar

Jegercupen har vorte arrangert i år som før over fem kveldar. Vi har hatt 8 kveldar med muligheit for oppskyting til jaktprøve, derav ein laurdag.

## Utleige

Bana har vore utleigd til Stryn og Hornindal Jeger- og fiskeforening, Sudstranda skyttarlag, fleire private arrangement og politi.

## Bingo

Det vart søkt om 15 bingoer frå 2 pinsedag til 30 august.

Fleire av bingoane gav pene resultat på 7-8000 nto, mens andre igjen var knapt overskudd. Grunnen for dette kan vere tilfeldigheter, men trur nok størrelsen på jack-potten er av avgjerande betydning.

Ellers vart funksjonærlista levert ut pr post i god tid . Dette var rundt påsketider. Også i år vart det sendt ei påminning på funksjonærens sin mobil som SMS melding. (fredag eller lørdag) Dette syner seg å vere nødvendig slik at ikkje funksjonæren gløymer dette. Også i år

fikk vi som sende ut negativ tilbakemeldinger frå funksjonærer som er både sure-kranglete og rett og slett ufin oppførsel på at dei må hjelpe til på bingo. Dette til alle tider. Gjerne seint kveld og natt til søndag. Det hender også at dei som ikkje vil møte sender melding etter middag søndag – få timer før oppmøte. Sjølv sagt er det vanskeleg å få erstatter då. Nokon varslar eller møter ikkje i det heile. Vi i bingonemda har tatt ein del ekstravakter sjølve for å unngå problem då folk ikkje møter opp, noko som burde i grunnen vere unødvendig. Nokon har også gitt beskjed at dei vil reservere seg for å stå på denne funksjonærlista og andre har meldt seg ut av laget pga dette. Dette er leit – og gjer arbeidet med frivillig lagsarbeid tyngre.

Men vi vil no også rose dei mange – og mesteparten på funksjonærlista om ein strålande innstats for laget. Uten desse funksjonærande kunne bingoen ikkje blitt gjennomført og laget hadde ikkje denne inntekta og drifta. TUSEN TAKK til alle funksjonærande som har stilt opp!

Det er svært viktig med positive tilbakemeldingar , både til funksjonærer og til nemda. Alle har ein travel kvardag,og alle er opptatt på mange måter. Dugnadsarbeid og lagsarbeid er ein innsats som blir gjort for felles-skapet og hobby-interesse. Dersom dugnadsarbeid blir gjennomsyra med negativitet og kritikk, så er eg redd for at dugnadsanda,samhaldet og interesse for å stille opp forsvinn . Derfor er det svært viktig at alle bidrar med positivitet og ros for frivillig arbeid . Ein må huske på at sjølv arbeid som mange tar som ein selvfølge – må gjerast , og dei som gjer dette nødvendige dugnadsarbeidet -gjer ein betydeleg innsats for laget.

Bingonemnda har vore: Rolf Langeset (leiar), Gunnar Øen, Pål Heggen

## Økonomi

Økonomien i laget er framleis god, men med sviktande resultat siste par år der vi går mykje i minus. Bingo inntektene er langt under det vi før rekna som eit normalt nivå sjølv om ein hadde ein betring resultatmessig i år. Subsidar til medlemmar og rekruttering kostar laget mykje. Laget lyt gjere grep for å stabilisere økonomien og vise til overskot. Dette for å kunne gjennomføre nødvendige oppgraderingar på Sindre.

Flore 27.okt.2015

Jan Flore, -leiar-